



Erklæring frå Mostratinget for unge 2024

1000-årsjubileet for kristenretten feirar fortid, og skal forma framtid. Ein viktig del av feiringa har vore Mostratinget for unge. Mostratinget er tidlegare kjent som eit tingmøte heldt i år 1024 kor kong Olav Haraldsson og biskop Grimkjell innførte nye lovar og reglar kalla kristenretten. Inspirert av det historiske Mostratinget inviterte derfor Moster 2024 representantar frå ungdommens fylkesting og fleire ungdomsorganisasjonar nasjonalt til å diskutere seg fram til kva som er dei fem viktigaste sakene, og kva som er dei fem viktigaste verdiane for framtida.

Me lever i ei tid der forankring skjer raskt, og det er avgjerande at me anerkjenner og verdset dei unge i samfunnet vårt. Unge representerer framtida, og det er me som er morgondagens leiarar, innovatørar og samfunnsbyggjarar. Våre tankar, idear og perspektiv vil forma verda i framtida. Når de lyttar til oss, kan de også finna kreative svar på komplekse problem som de kanskje ikkje før har vurdert. Dei unge står for om lag 20 prosent av befolkninga. 20 prosent som ikkje har fått høve til å stemma på dei folkevalde. Er me eigentleg eit demokrati om me ikkje inkluderer desse 20 prosentane?

Dei fem viktigaste verdiane:


Solidaritet: Me har bygd det norske samfunnet på solidaritet. Det er ein verdi me tek med oss frå den kristne nestekjærleiken. Det handlar om å stå saman og stå opp mot urett. Anten det er guten som ikkje får vera med i fotballen fordi det ikkje finst pengar, eller det er barn og unge ute i verda som opplever urett og lidning.

Demokrati: Å bevare verdien i demokrati handlar ikkje berre om å bevare den viktigaste byggjesteinen me har i samfunnet vårt i dag. Det handlar om å bevare verdien i å ha eit samfunn styrt av og for folket. Der det er folket som bestemmer, og der det er folket som er med på å forma samfunnet dei sjølv lever i.

Tillit: Tillit er kritisk for Noreg. Og det er kanskje spesielt i den potensielle krevjande tida me har framfor oss. For at me skal fungera effektivt som eit land, så må me kunna vera opne med kvarandre. Denne tilliten som krevst, kan ikkje bli oppnådd med berre folket sin tillit. Me treng òg tillit mellom folket og staten.

Berekraft: Berekraft blir meir og meir aktuelt no med drastiske og farlege endringar i klimaet. Berekraft handlar ikkje berre om klima og miljø. Me meiner at det er viktig at Noreg treng ein berekraftig samfunnsstruktur. Derfor skal Noreg tenkja berekraftig i kvart einaste val me tar.

Respekt: Som me allereie veit er me alle menneske ulike. Me har ulike meiningar, om alt frå politikk til følelsar. Ein viktig verdi me alle treng å ha er respekt. Både for kvarandre og kvarandre sine meiningar, men også ulike val me tek.



Erklæring frå Mostratinget for unge 2024

Dei fem viktigaste sakene for framtida:

Utvida demokratiet: Eit utvida demokrati omhandlar å sikra ein demokratisk veg for Noreg i ei tid der autoritære krefter vinn fram. Her vil ungdomsdemokratiet spela ei kritisk rolle, og eit nasjonalt ungdomsråd vil vera viktig for å inkludera unge.

Psykisk helse: Me ungdommar meiner at psykisk helse er ei av dei viktigaste sakene i framtida. Ifølgje FHI har andelen psykiske helseplager auka både blant jenter og gutar. Vi ungdommar meiner at dette er urovekkjande tal. Me meiner derfor at psykisk helseplager og psykisk helse er eit stort og veksande problem som må prioriterast.

Sosiale forskjellar og diskriminering: Fleire barn og unge får ikkje gå på fritidsaktivitetar grunn av fattigdom. Mange opplever òg systematisk rasisme og miljørasisme. Me må få bukt med sosiale forskjellar og diskriminering. Og det er ikkje eit fjernt fenomen. Det skjer innanfor Noregs landegrensar.

Klima og miljø: Tilstanden og utviklinga rundt klima, natur og miljø gjer framtida og verda usikker. Mange ungdommar kjenner på denne uvissa som ei tom og mørk framtid. Konsekvensen av at de politikarar ikkje gjer noko går ut over oss. De seier at ungdom er framtida. Men kva framtid er det de gir oss?

Kunstig intelligens: Ei viktig sak for framtida vil utan tvil vera kunstig intelligens. Med kunstig intelligens står me overfor enorme teknologiske utviklingar som kan skapa eit nyt hamskifte og vil krevja stor omstilling på alle samfunnsområde.

Venleg helsing

Patrick Habiyambere, Akershus

Daniel Asalf, Akershus

Kacper Wyszynski, Buskerud

Merjem Duderija, Buskerud

Bertine Tønder-Nilsskog, Innlandet

Heidar Bergum Jahr, Innlandet

Margrethe Sørheim, Vestland

Andreas Borkamo, Vestland

Iver Aarebrot, Møre og Romsdal

Mads Harstad, Møre og Romsdal

Markus Ivan Gabor, Nordland

Nahom Guitom, Nordland

David Mousavi, Rogaland

August Haarr Rogde, Rogaland

Bjarte Notland Tjensvoll, Bømlo

Alis Natterøy, Bømlo